



14 år gamle Jostein Soldal gjer ein flott pyntejobb ved innkjørsla til byggjefeltet.

Korsnes Vel har gjennom mange somrar vore flinke til å nytta seg av ungdommeleg arbeidskraft til å halda det fint og velstelt på fellesareal i byggjefeltet. Det har vore både rydjing og slåing, og måling av ballbingen. Som åra har gått, har stadig nye ungdommar bidrege på denne måten.

Gjennom denne ordninga har dei slege fleire floger i same smekken. Unge ungdommar har fått seg ein kjærkommen liten sommarjobb. Dei unge må hjelpa til å halda det fint, og gjennom dette får dei haldningar som vert av verdi seinare. Og ikkje minst er det kjekt for alle andre å oppleve at når vi drar lasset saman, unge og eldre, vert det fint og triveleg rundt oss.

Tirsdag ettermiddag då eg kom utom døra, var arbeidet i gong. 14 år gamle Jostein Soldal, ikledd fullt verneutstyr, var i gang med å slå skråninga ved ballbingen ved innkjørsla til feltet. Med nyslåtte skråningar får dei som kjem, eit mykje betre førsteinntrykk når dei kjører inn til byggjefeltet. Og den flinke 14-åringen stod på flittig som ein maur, og fekk gjort mykje den første slåttestunda.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland